

Lensmannen i Lavik og Brekke

LAVIK

Lavik, 16/2. 1961.

Lavik formannskap,

Lavik.

Søknad fra Gunnar Raasholm om løyve til salg av øl i klassa 3.

Dykkar brev dagmerkt 15. februar 1961.

Edruskapstilhøva i Lavik har ikkje endra seg dei siste åra, og må vel seiast å vera normale samanlikna med tilhøva elles på Vestlandet.

Fåren for missbruk av alkohol i samband med eit mogeleg ~~uke~~ utsalg av øl av klasse 2, er ventetleg korkje større eller mindre i Lavik enn t. d. i Kyrkjebø.

Når det gjeld omsynet til Helseheimen og alminnelege sunnheits- og sanitære forhald, vil eg rå til at helserådet får uttale seg før saka vert avgjord av kommunestyret.

*Olav Bæ*

Går med vedlegg til herr politimesteren i Sogn til uttale.

Lavik formannskap den 3. mars. 1961.

*Hennar Lavik -*

S.P. jnr. //7 /61 H.

Vert sendt herr lensmannen i Lavik og Brekke, Lavik.

Det er herfrå ikkje noko å merka til søknaden.

Sogn politikammer

Hermansverk, den 13. mars 1961.

*Odd Solberg*  
Odd Solberg

*Holm Andresen*  
Holm Andresen